



Likelydande brev til:
ATR-eiendom AS
Bergen kommune

Dato: 17.09.2015
Vår ref.: 2014/19554-2
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.: «REF»

Sandviksbodene 3 A. Fredingsforslag til høyring og offentleg ettersyn

I medhald av lov om kulturminne § 15 jf. § 22 har Hordaland fylkeskommune utarbeidd eit forslag til freding av den lafta bygningsdelen frå 1649 som er sett opp i Sandviksbodene 3 A i Bergen. Fredingsforslaget vert med dette sendt på høyring til partane i saka. Forslaget vert òg lagt ut til offentleg ettersyn i Hordaland fylkeskommunes lokale og på fylkeskommunen sine nettsider www.hordaland.no. Dette vert kunngjort i avisene Bergens Tidende, Bergensavisen og Norsk lysingsblad.

Vi ber om at eventuelle merknader til fredingsforslaget, som vil følgje saka fram til endeleg avgjerd, vert merka med saksnr. 2014/19554 og sende innan seks veker frå dette brevet er motteke til Hordaland fylkeskommune, Kultur- og idrettsavdelinga, Postboks 7900, 5020 Bergen, eller på e-post til hfk@hfk.no

Med helsing

Anna Elisa Tryti
fylkesdirektør kultur og idrett

Per Morten Ekerhovd
fylkeskonservator

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:
Riksantikvaren

Vedlegg

- 1 Sandviksbodene 3 A. Fredingsforslag
- 2 Sandviksbodene 3 A. Kulturminnedokumentasjon